

# Mars

*Dagboka 1. mars 1950*

Mars – å det er vår!  
Kjem linn sumarvind  
smeltar snøen i fjellet.  
Skarp, blank sol  
gumlar og et på telen,  
pressar ut feittet i dråpar  
or silda på låveveggen.

Høyr! Staren reinskar strupen  
i kvistholet i stabbursveggen.  
Han bygg – utan løyve og konsesjon –  
han og ho – samlar vyrke,  
tømrar og tettar – tomme for tomme,  
tek seg ei kvild og kvitrar.

Gjøfjøre – mettande auge  
av fersk tang og feit sand.  
Nykomne kjelden trippar og spring  
på sanden på reine, raude føter,  
heimesæl og lukkeleg.

Og her sit eg no åleine  
langt burte frå alt.  
Isheimen sveiper seg kald og klam  
kring mitt hjarte som hustrar og frys.  
Isingar piskar mot kinnet –  
og her er berre endelaust hav.

*Tekst: Johan Bernt Ulla*